



Laila Bjørge  
Bjørge 210  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/65 - 18/6945

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:  
01.03.2018

## Landbrukssak Gbnr 241/3 Bjørge - Søknad om tilskot til drenering

**Administrativt vedtak:**      **Saknr:**  
Eigedom:                      Gbnr.: 241/3  
Søkjjar:                        Laila Bjørge

### Saka gjeld

Saka gjeld søknad om tilskot til drenering av tidlegare dyrka jord på gbnr 241/3 i Lindås kommune. Søknaden gjeld 737 meter med grøfter for å få drenert dette arealet.

Det vert elles vist til søknad datert 02.01.2018 og kart med grøfteplan i målestokk 1:2500.

### Vurdering

Kommunen har handsama søknaden etter *Forskrift om tilskot i drenering av jordbruksjord* fastsett av Landbruksdepartementet 25.06.2013 med endring frå 01.07.2017.

Eldre steingrøfter som er ein del av grøftesystemet i dag klarar ikkje å ta vatnet vekk fort nok slik klima er i dag og korleis da kjem til å utvikla seg. Det er derfor behov for fornying av grøftane for å betra vilkåra for jorda og hausting.

I NIBIO sitt gardskart er arealet registrert som fulldyrka og overflatedyrka mark.

### Utrekning av tilskot

Tilskotet til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer 2000 kroner per dekar. Ved anna grøfting er satsen 30 kroner per løpemeter grøft berekna opp til 2000 kroner/dekar. Berekna tilskot til under 3000 kroner per søknad skal ikkje utbetalast.

### Forholdet til kulturminner



Så langt vi har kunna undersøkje så vil tiltaket ikkje koma i konflikt eller ha verknad på registrerte kulturminne i området.

Dersom ein finn/avdekkjer automatisk freda kulturminner under dreneringsarbeidet, skal den som gjennomfører tiltaket stoppe arbeidet og kontakte regional kulturminneforvaltning. Den som gjennomfører tiltaket, er ansvarlig for eventuelle skader på kulturminner. Dette følgjer av kulturminnelova. Dette gjeld sjølv om kommunen har gitt vedtak om tilskot.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord § 1 og 4 vert det løyvd kroner 22 110 til drenering på gbnr. 241/3 på følgjande vilkår:**

- **Tilskotet kan verta trekt inn dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnad for ordninga jf. § 10, t.d. vesentleg skade på annan eigedom, biologisk mangfald, automatisk freda kulturminne, eller forureining.**
- **Innvilga tilskot vert utbetalt etter at tilskotsmottakar har dokumentert at tiltaket er gjennomført.**
- **Tilskotet vert utbetalt til konto nr. 3632 08 04684**
- **Førespurnad om utbetaling skal sendast kommunen**
- **Er tilskotet over 10.000 kroner kan ein gjera delutbetaling av inntil 75% av innvilga tilskot tilsvarande arbeid som er gjort.**
- **I søknad om sluttutbetaling skal det gjennom dokumentasjon syna at tiltaket er gjennomført. (rekneskap og timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpte materialar og gjerne foto dokumentasjon)**

**Løyvinga er eit eingongstilskot.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl), jf. § 12 i forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan

reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Frist**

Fristen for gjennomføringa av tiltaket er 3 år, jf. § 5 i forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Øystein Hafnor Kolstad

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

grøftekart 241-3 Bjørge  
Søknad om tilskot til grøfting - gbnr 241/3 Bjørge

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland                      Postboks 7310                      5020                      Bergen

**Mottakarar:**

Laila Bjørge                      Bjørge 210                      5993                      OSTEREIDET